



Jk Arkitektur AS
Postboks 125
5401 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/338 - 19/16912

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
28.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 10/25 Rødland

Kommunen stadfestar å ha mottatt tilleggsdokumentasjon den 24.05.19.

Mottakskontroll – dispensasjon og søknad om rammeløyve

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjere greie for dei visuelle kvalitetar på ny fritidsbustad målt opp mot dei eksisterande bebygde omgivelsane med tradisjonell byggestil, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §29-2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 03.06.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden . Med mottatt tilleggsinformasjon, kan saka skrivast opp til PMU.

Mottakskontroll – søknad om utsleppsløyve

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon i tråd med skriv av 02.04.2019:

1. Søknad om plassering av anlegg og søknad om utvida utsleppsløyve skal nabovarslast.
2. Er det tett utsleppsleidning til bekk eller det kun utsleppet som går til bekk?
3. Erklæring/skrifteleg avtale om etablering av utsleppsleidning/utslepp på annen manns grunn - gbnr 10/63.
4. Kva type minirensanlegg som skal nyttast.
5. Eventuelle brukarinteresser i området og kva tiltak som er iverksett for å møta desse (drikkevatn, private brønner, badeplassar, leikeplassar, fiske, turløyper etc.)

Ved handsaming av søknad om utsleppsløyve forutsett kommunen:

1. Utsleppsløyve for dykkar eigedom krev at utsleppet av svartvan må reinsast i minirensanlegg før utsleppet vert ført i tett leidning til sjø/bekk med heilårs vassføring.
2. Ved utslepp til bekk/elv, så skal utsleppsdypane under lågaste vannstand vere minst 2 meter.



Det skal ligge føre signert serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget av anleggseigar før byggjeløyve i eitt-trinn vert gitt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **saml**a innan **28.06.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden .

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jk Arkitektur AS	Postboks 125	5401	STORD
Stig Helge Lea	Åstveitskogen 26	5113	TERTNES
Stig Helge Lea	Åstveitskogen 26	5113	TERTNES

Mottakarar:

Jk Arkitektur AS	Postboks 125	5401	STORD
------------------	--------------	------	-------